

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
036/23	Formannskapet	PS	23.03.2023
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FE-251	22/906

## Auke låneramme formidlingslån Husbanken

### Vedlegg:

Startlån - Bevilgning 2023  
13586236 - Betalingsplan kr 10 mill  
Låneavtale

### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek at ein tek opp 10 millionar kroner i startlån for 2023.

### Formannskapet - 036/23 - 23.03.2023

### FS - behandling:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Handsaming i formannskapet: Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### FS vedtak:

Kommunestyret vedtek at ein tek opp 10 millionar kroner i startlån for 2023.

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn.

I budsjett for 2023 var der ikkje lagt opp til nye låneopptak knytta til startlån, desse låna blir finansiert med bruk av lån frå Husbanken. Startlånsmidlar teke opp i Husbanken er lån som kommunen låne vidare til private personar i kommunen. Ordninga er meint å treffe dei som er varig vanskelegstilt i bustad-marknaden. Unge i etableringsfasen er ikkje ein del av denne gruppa. Kommunen tildeler midlar gjennom heile året innanfor lånerammene. Låna blir utgiftsført når dei vert utbetalt og dette kan føre til avvik mellom åra og ledige lånemidlar finns i balansen.

### Vurdering.

Austrheim kommune hadde ved årsskiftet samla 33,2 millionar kroner i startlån som er fordelt på eit større tal lån kor snittlånet er på omlag 2 millionar kroner. Vi har nå fått tilsegn frå Husbanken på at vi vil få 10 millionar kroner til startlån i 2023. Behovet for denne type lån er tilstades og ein ser at det gir varige vanskelegstilte tilgang til bustadmarknaden.

Vilkåra som kommunen må legge til grunn ved låneopptak er regulert i kommunelova §14-14. Låneopptak skal vere i samsvar med kommunestyret sitt vedtekne investeringsbudsjett, og kommunen sitt likviditetsbehov. Forventningar om renteendringar og rentenivå skal også takast med i vurderinga ved opptak av nye lån. Gjeldsportefølja skal vera i tråd med ei kvar tid gjeldande lovar, reglar og føresegner. Kommunestyret vedtek storleiken for opptak av nye lån i budsjettåret i samband med budsjettvedtaket.

Opptak av nye lån skal elles skje i tråd med regelverket for offentlege anskaffingar (lov og forskrift). Det skal innhentast tilbod frå meir enn ein låneinstitusjon, og desse er venta å vera konkurransedyktige.

Austrheim kommune skal forvalta låneportefølja på ein slik måte at finanskostnadane blir så låge som mogleg, samtidig som det vert teke omsyn til å ha føreseielege utgifter og akseptabelt nivå for risiko. I dette tilfelle er det lån som kommunen tek opp for å låne vidare til innbyggjar, utlån av desse midlane skjer etter gjeldande rente i Husbanken. Når det gjeld risiko ved desse utlåna så vert den vurdert gjennom gjeldande reglar knytta til startlån.

Vi ser at behov for denne type lån er til stades og at det hjelper varige vanskelegstilte tilgang til bustadmarknaden. Ved å ta opp 10 millionar i startlån for 2023 som er lik det tilsagnet vil ein kunne hjelpe 4-5 familiar til eigen bustad her i Austrheim.

## **Konklusjon**

Kommunedirektøren tilrår at ein tek opp eit lån på 10 millionar kronar i Husbanken, noko som gjer at den samla lånegjelda for Austrheim Kommuneknyta til Startlån i Husbanken blir på 43,2 millionar kroner.